

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

16.søndag i treeiningstida – 13.september 2015

Preiketekst: Matt.5,10-12

Lesetekst I: Salme 13,2-6

Lesetekst II: 1.Pet.4,12-19

Dei sæle – i tid og æve

Taler og tradisjon

Matteus, tidlegare tollaren Levi, er den av evangelistane som presenterer Bergpreika mest utfyllande. Han strukturerer sitt evangelium rundt Jesu store taler: Bergpreika, utsendinga av disiplane, likningane, taler om kyrkja, talen om dei siste ting. Jesu ord er tekne vare på gjennom den munnlege tradisjonen, traderinga, som var rabbiane sin metode. For dei Jesus-truande jødane vart Jesu lære ein dyrebar skatt som dei slik tok vare på, og som så vart nedskriven. Ja, i den rabbinske tradisjonen rangerte den muntlege overleveringa høgt.

Det er også verd å merke seg at Jesus i framhaldet etter vår tekst med styrke understrekar at hans oppdrag og intensjon *ikkje* er å kaste over bord arven frå profetane og skriftene. Det han vil til livs, er misbruket og mistydingane. Samanhengen mellom Jesu læresveinar og dei som vitna om Herrens veg og vilje i den gamle pakt står også sentralt i vår tekst: « Slik forfølgde dei òg profetane før dykk.» Det er tydeleg at Matteus skriv for jødiske lesarar, og han har eit apologetisk siktemål. Heile Matteusevangeliet framstiller Jesus som oppfyllinga av profetiane om Messias.

Eit døme på at tradering som metode ikkje treng vere forelda: religiøse folketonar vert den dag i dag tradert frå den eine generasjonen til den neste. Nye utøvarar bygger på tradisjonen og revitaliserer stoffet.

Evangeliet har blitt forkynt på nytt til kvar ny generasjon. Så har Gud sjølv ved si ånd sytt for at det framleis er like vitalt. Som ein av dagens bodberarar kan du vere deg bevisst at Jesu ord ikkje har tapt si kraft.

Kven er dei «sæle»?

Innleiinga til Bergpreika i Matt.5,1-12 er dei kjende orda om dei som Herren Jesus prisar sæle. Dagens preiketekst summerar opp alle desse utsegnene, og i v.11 får dei direkte adresse til Jesu læresveinar.

Det må takast eit oppgjær med den populære oppfatninga som er ganske utbreidd: at Bergpreika er «kristendom i ein sum», så og seie ein katalog over «kristne dyder»- og at dersom alle berre heldt seg til den, så ville verda bli ein betre stad.

Det er nødvendig å sjå litt meir på kven denne talen er retta til, og endå meir: kva som må til for at

ideala skal kunne realiserast. Då oppdagar vi at hovedvekta ikkje ligg på livsstil eller gjerningar, men på det grunnleggande: At Gud har gripe inn, at Guds rike er nærverande. Teksten er eit frelseshistorisk tilsagn - og ikkje først og fremst eit etisk imperativ.

«**Dei fattige**»

«Dei fattige» er eit kjent uttrykk frå GT. Det viste til dei fromme i folket, ofte undertrykte og sette utanfor i samfunnet. I si maktesløyse måtte dei lite på Herren, desse som hørde til «dei stille i landet», dei som «venta på Israels trøyst», som kjende Skriftene og venta på sin Messias og Guds nådige inngrep.

Dei som tek Guds lov på alvor, oppdagar at dei ikkje strekk til. Matteus brukar «dei fattige i ånda» i 5,1 – dette i motsetnad til dei åndeleg sjølvsikre, i vårt språk ofte synonymt med «farisear».

Merk: Farisearar på Jesu tid var ei samansett gruppe, sjølv om dei har fått sitt image prega av Jesu stridssamtaler med dei. Nokre av dei vart også Jesus-truande, og hørde til dei jødekristne – dei som då Matteus skreiv ned sitt evangelium, var mellom dei som vart forfølgde for Jesu namn skuld(!)

«**Dei sæle**» blir forfølgde

Jesus forutset som sjølv sagt at dei vil bli forfølgde. Slik har det alltid vore med Guds «fattige», og slik kjem det til å bli. Sjå berre på profetane! Hebrear brevet avsluttar opprekninga av trusvitna slik: «Nokre vart torturerte og sa nei til å bli kjøpte fri, for dei ville heller nå fram til ei betre oppstode. Andre laut tola spott og piskeslag, ja, til og med lenkjer og fengsel. Nokre vart steina, saga i to eller drepne med sverd. Andre måtte gå omkring i saueskinn og geiteskinn, i naud, forfølgde og mishandla. Verda var dei ikkje verdig, og dei måtte flakka omkring i øydemarker og fjell og halda til i grotter og hòler.»Ikkje særleg lyse utsikter – på kort sikt.

Dei passar ikkje inn, dei som set si lit til Herren, til Jesus. Forfølging er i NT eit teikn på at ein er på rett veg. Alltid måtte dei vere budde på å forsvare trua, budde på martyriet.

Nokre eksempel:

- Peter og Johannes har gjort eit under i Jesu namn, fortel Apgj.4:
«Dei gjekk bort frå Rådet, glade fordi dei var rekna verdige til å lida vanære for Namnet skuld. Men dei lét seg ikkje stansa. Både i tempelet og i heimane heldt dei dag etter dag fram med å undervisa og forkynna evangeliet om at Jesus er Messias.»
- Peter skriv seinare:
«Men om de lid for rettferd skuld, då er de sæle. Ver ikkje redde for dei og lat dykk ikkje skremma, men hald Kristus heilag som Herre i hjartet!
Ver alltid førebudde, så de kan svara for dykk når nokon krev dykk til rekneskap for det håpet de eig.»
- «Lev rett mellom heidningane, så dei som baktalar dykk og kallar dykk vonde menneske, kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Gud den dagen han kjem.»

Gled dykk og jubla, for stor er løna dykkar i himmelen

Alle utsegnene om «dei sæle» er variasjonar over same tema: Det enno skjulte Gudsriket er for dei hjelpelause. Dagens tekst vert ei oppsummering og avrunding av dette temaet, der Jesu læresveinar i denne verda får tilsagt lovnaden om himmelsk løn. Løna det er tale om, er sjølv sagt Guds nådeløn, ikkje erstatning eller ikkje skadebot for å ha lidd urett. Herren fastset suverent løna: ein plass i

Guds evige rike for Jesu skuld. Engelske oversettingar brukar orda «blessed are...» - velsigna.

Dei første kristne venta at Jesus skulle komme att i deira levetid. «... den dagen han kjem...» skreiv Peter. Dei såg fram mot at Jesus skulle setje alt i rette skikk.

Dei skulle ikkje la seg overmanne av frykt. Jesus hadde jo til og med overvunne sjølve døden: «Men Gud vere takk som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus! Difor, mine kjære sysken, ver støe og urikkelege. Ta stadig rik del i Herrens gjerning! For de veit at i Herren er ikkje arbeidet dykkar nyttelaust.» (1.Kor.15)

Forfølging då og no

Også i dag vert Jesus-truande jødar forfølgde. Treng forkynnaren konkret stoff om dette, er det berre å lese t.d. Misjonsblad for Israel. Men dei er ikkje åleine om det. Dei historiske kyrkjene i Midt-Østen har tøffe kår, og mange må prøve å berge seg og sine unna. Stefanusalliansen er engasjerte med informasjon og omsorg.

Det er ikkje vanskeleg å finne døme om vi orkar og vil.

Annbjørg Eiksund Hesselberg

Tidl. misjonsekretær i Den Norske Israelsmisjon

annbjorg.hesselberg@ntebb.no